
Fra: Trude Brosvik [mailto:Trude@gulen.kyrkja.no]

Sendt: 11. oktober 2014 13:45

Til: Postmottak KUD

Kopi: 'Liv Brekken'

Emne: 00024691.DOC

mvh Gulen kyrkjelege fellestråd

KUD dep.

Eivindvik 11.10.2014

Vår sakshandsamar: Trude Brosvik

Vår ref.: 14/00041-002

Arkivkode: 501

NOU 2014:2, Lik og likskap, høyring

Syner til epost dat 25.09.14 med førebels høyring.

Gulen kyrkjelege fellestråd gjorde 09.10.2014 slikt vedtak i sak 14/14 (likelydande med det som er innsendt):

1. Gulen kyrkjelege fellestråd sluttar seg til saksutgreiinga, med slike presiseringar:
2. Likskap mellom gravferdsformer og større ansvar for det offentlege, må kompenseras fullt ut for gravplassforvaltinga. Det vil ikkje bli tilstrekkeleg ivarettatt ved å innarbeide summane i kap. 9 i inntektssystemet til kommunane.
3. GKF er positive til at alle skal ha rett på fri grav i 20 år. Også dei som nyttar festa grav. Vi er også einige i at betalingstid vert sett til 20 år uavhengig av fredingstid.
4. GKF støttar å likestille innanbygds og utanbygds gravleggingar, men vil tilrå normerte satsar for oppgjer mellom gravplassforvaltningar.
5. Kolumbarium og oskespreiing på gravplassane bør ikkje bli eit pålegg for alle gravplassar. Kostnad for innføring må kompenseras.
6. Gravplassvedtektene må framleis fastsettast av kyrkjeleg fellestråd som etter lova er gravplassmynde. Tilsyn bør framleis ligg hos bispedømmerrådet.

Venleg helsing

Trude Brosvik
Kyrkjeverje